



Det var fullsett kyrkje sist Jørn Øyrehagen Sunde heldt føredrag i Uskedal kyrkje.

**Uskedal sokneråd er svært glad for å kunna invitara til førjulskveld med historikar og jurist, professor i rettshistorie Jørn Øyrehagen Sunde, i Uskedal kyrkje onsdag 21.desember. Han vil då halda føredraget Guds fire døtre. Føredraget vil verta innramma i julemusikk og kjende julesongar der allsongen er sentral.**

Jørn Øyrehagen Sunde som er oppvaksen i Uskedalen, er ein klartenkjande, kunnskapsrik og usedvanleg flink formidlar. Når han held føredraga sine utan manus, er det alltid ein fryd å vera tilhøyrar. Derfor har han også motteke fleire høghengande formidlarprisar. Han har vore å høyre i ulike samanhengar i Kvinnherad og Uskedalen tidlegare, men han er også mykje nytta både nasjonalt og internasjonalt. Såleis er han rett ofte riksmedia. I Uskedal kyrkje var han i mars, og der vart han møtt av ei fullsett kyrkje då han heldt føredraget **Dei ti bodorda – Gud og menneske i periodar med stor samfunnsendingar**. Dette kan de lesa om [her](#).

Denne kvelden vil musikkinnslaget vera knytt til dei kjende og kjære julesangane våre. Dette skjer i hovudsak som allsong til tonefølgje av veteranane i Uskedal musikklag. Truleg vil også bandet ha med seg ein dyktig songsolist på i alle fall ein av songane.

Dagane inn mot julehøgtida er travle. Vi trur det då vil vera fint å roa av ei kort kveldsstund, lytta til eit interessant føredrag, tenkja litt rundt og koma i julestemning ved å delta i julesongen. Vi trur dette vert ein usedvanleg fin førjulskveld i kyrkja.

Vi kjem tilbake med meir førehandsomtalar når arrangementet nærmar seg, men det vil alt no vera lurt å kryssa av onsdag 21.desember på kalendaren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen